



*sparebanken
sogn og fjordane*



Kvartalsrapport

3. kvartal 2023 (ikkje revidert)

Innhald

3	Hovudtal konsern
4	Kvartalsrapport 30.09.2023
10	Resultatrekneskap konsern
11	Balanse konsern
12	Kontantstraumoppstilling konsern
13	Eigenkapitaloppstilling, konsern
15	Notar
31	Resultatrekneskap morbank
32	Balanse morbank
33	Resultatrekneskap konsern i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital
34	Kvartalsvis resultatutvikling konsern
35	Kvartalvis resultatutvikling konsern i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital
36	Kontaktinfo SSF

BILETE PÅ FRAMSIDA: Lene Neverdal

GRAFISK UTFORMING: Sparebanken Sogn og Fjordane • E. Natvik Prenteverk AS

Hovudtal konsern

TAL I MILL. KR.

	30.09.23	30.09.22	31.12.22
RESULTATREKNESKAP			
Netto renteinntekter	1 085	816	1 148
Utbytte og verdiendring på finansielle instrument	45	0	0
Andre driftsinntekter	127	120	166
Driftskostnader	396	371	499
Resultat før nedskrivning (inkl. verdipapir)	862	565	815
Resultat før nedskrivning (ekskl. verdipapir)	817	565	815
Nedskrivning på utlån og garantiar	14	6	36
Resultat før skatt	848	559	779
Skatt	202	126	177
Resultat etter skatt	646	433	602
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0
Totalresultat	646	433	602
BALANSE			
Eigedelar			
Brutto utlån til og krav på kundar	63 482	60 467	61 498
Nedskrivning på utlån	- 314	- 275	- 314
Verdipapirplasseringar (aksjar, rentefond, sertifikat og obligasjonar)	8 744	8 335	8 225
Gjeld og egenkapital			
Innskot frå og gjeld til kundar	36 359	34 675	34 846
Verdipapirgjeld og gjeld til kredittinstitusjonar	27 793	27 570	27 673
Eigenkapital	7 122	6 480	6 645
Forvaltningskapital	73 485	70 486	70 824
Gjennomsnittleg forvaltningskapital	72 307	67 900	68 515
NØKKELTAL			
Lønsemd			
Rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	2,01 %	1,61 %	1,67 %
Andre driftsinntekter (ekskl. innt. fin. instrument) i % av gj. sn. forv. kap.	0,23 %	0,24 %	0,24 %
Driftskostnader i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	0,73 %	0,73 %	0,73 %
Resultat før nedskrivning i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,59 %	1,11 %	1,19 %
Resultat før skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,56 %	1,10 %	1,14 %
Resultat etter skatt i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,19 %	0,85 %	0,88 %
Totalresultat i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital	1,19 %	0,85 %	0,88 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. ekskl. innt. frå fin. instrument	32,63 %	39,60 %	37,99 %
Driftskostnader i % av driftsinnt. inkl. innt. frå fin. instrument	31,46 %	39,62 %	37,98 %
Nedskrivning i % av brutto utlån (resultatført)	0,02 %	0,01 %	0,06 %
Eigenkapitalavkastning før skatt 1)	17,96 %	12,64 %	13,21 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt 1)	13,68 %	9,80 %	10,21 %
Eigenkapitalavkastning totalresultat 1)	13,68 %	9,80 %	10,21 %
Totalresultat konsern pr. eigenkapitalbevis i kr	28,81	19,41	26,98
Utbytte pr. eigenkapitalbevis i kr			12,00
1) EK avkastninga er rekna av inng. EK ekskl. hybridkapital			
Soliditet og likviditet			
Kapitaldekningsprosent	20,25 %	19,63 %	20,15 %
Kjernekapitalprosent	18,24 %	17,82 %	18,39 %
Rein kjernekapitalprosent	16,94 %	16,77 %	17,36 %
Uvekta kjernekapitalandel (Leverage ratio)	8,38 %	8,27 %	8,65 %
LCR (Likviditetsindikator)	158 %	135 %	165 %
NSFR konsern	122 %	124 %	122 %
NSFR morbank	134 %	139 %	140 %
Balanseutvikling			
Vekst i forvaltningskapital (12 mnd.)	4,25 %	8,37 %	7,62 %
Vekst i brutto utlån til kundar (12 mnd.)	4,98 %	6,77 %	6,67 %
Vekst i innskot frå kundar (12 mnd.)	4,86 %	8,64 %	7,10 %
Innskot i % av brutto utlån konsern	57,28 %	57,34 %	56,66 %
Innskot i % av brutto utlån morbank	95,22 %	100,69 %	104,80 %
Tilsette			
Årsverk	289	279	283

Kvartalsrapport 30.09.2023

Alle tal som er kommenterte gjeld for konsernet, om ikkje anna er oppgitt. Tal i parentes er tal for same periode i 2022.

Hovudlinjer pr. 3. kvartal 2023 isolert

- Netto renteinntekter 379 mill. kr (291 mill. kr)
- Resultat finansielle instrument -29 mill. kr (-18 mill. kr)
- Driftskostnader 141 mill. kr (128 mill. kr)
- Tap på utlån 30 mill. kr (2 mill. kr)
- Resultat før skatt 225 mill. kr (185 mill. kr)
- Resultat etter skatt 166 mill. kr (143 mill. kr)
- Eigenkapitalavkastning etter skatt 10,2 % (9,6 %)

Hovudlinjer pr. 3. kvartal 2023 hittil i år


- Netto renteinntekter 1.085 mill. kr (816 mill. kr)
- Resultat finansielle instrument 45 mill. kr (0 mill. kr)
- Driftskostnader 396 mill. kr (371 mill. kr)
- Tap på utlån 14 mill. kr (6 mill. kr)
- Resultat etter skatt 646 mill. kr (433 mill. kr)
- Eigenkapitalavkastning 13,7 % (9,8 %)
- Kapitaldekningsprosent 20,3 % (19,6 %)

Resultat 3. kvartal isolert


Resultatet før skatt er på 225 mill. kr, mot 185 mill. kr for same kvartal i 2022. Resultatframgangen skuldast god vekst i netto renteinntekter og i provisjonsinntektene. Samtidig er det negativt resultat frå finansielle instrument, auka driftskostnader og høgare tap på utlån dette kvartalet samanlikna med tilsvarende kvartal i fjor.

Resultatet etter skatt for 3. kvartal er på 166 mill. kr, mot 143 mill. kr for same kvartal i fjor. Resultatet for 3. kvartal i år gir ei eigenkapitalavkastning på 10,2 %, mot 9,6 % for same kvartal i 2022.

Graf resultat etter skatt i mill. kr kvartalsvis:



EK-avkastning etter skatt kvartalsvis:




Netto renteinntekter 3. kvartal isolert

Netto renteinntekter er på 379 mill. kr og er 89 mill. kr, eller 30 %, betre enn for same kvartal i 2022.

Utlånsveksten dei siste 12 månadene er på 5,0 %, og innskota har auka med 4,9 %. Høgare kundemargin og vekst i innskot og utlån, har bidratt til fin utvikling i netto renteinntekter. Fundingkostnadene for verdipapirgjelda er vesentleg høgare enn for 3. kvartal 2022, på grunn av oppgangen i 3 mnd. Nibor, og dette har påverka rentenettoen negativt isolert sett. Banken har varsla ytterlegare rente-


oppgang for lån og innskot, etter at Norges Bank igjen sette opp styringsrenta den 20. september. Dette er femte gangen hittil i år at Norges Bank har sett opp renta og styringsrenta er no på 4,25 %. Til samanlikning var styringsrenta på 2,25 % i september i fjor. Dei siste renteendringane har enno ikkje fått effekt. Samla effekt på netto renteinntekter vil avhenge av utviklinga i 3 mnd. Nibor framover.

Graf rentenetto i mill. kr kvartalsvis:



Grafen nedanfor, viser rentenettoen målt i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital. For 3. kvartal 2023 er rentenettoen på 2,05 %, og dette er 0,40 prosentpoeng høgare enn for 3. kvartal 2022. Rentenettoen for 3. kvartal 2022 var relativt låg og er gradvis betra i seinare kvartal.

Graf rentenetto i % av gjennomsnittleg forvaltningskapital:




Netto andre driftsinntekter 3. kvartal isolert

Netto andre driftsinntekter for 3. kvartal er på 15 mill. kr, mot 25 mill. kr i 3. kvartal året før. Reduksjonen skuldast lågare resultatet frå finansielle instrument. Dvs. 29 mill. kr i negativt resultat for 3. kvartal i år, mot eit negativt resultat på 18 mill. kr for 3. kvartal 2022. Av resultatet for finansielle instrument i 3. kvartal 2023, skuldast 9 mill. kr negativt resultat (nedskrivning) frå aksjar og 20 mill. kr negativt resultat frå rentepostar.

Andre inntekter, ekskl. resultat frå finansielle investeringar, er på 45 mill. kr og er 2 mill. kr høgare enn for 3. kvartal 2022. Auken skuldast høgare inntekter frå betalingsformidling, garantiprovisjon og provisjon frå fondssparing.

Graf andre inntekter og inntekter frå finansielle investeringar i mill. kr kvartalsvis:




Driftskostnader 3. kvartal isolert

Driftskostnadene for 3. kvartal er på 141 mill. kr og er 12 mill. kr, eller 9,5 %, høgare enn for same kvartal i fjor.

Auken i kostnadene skuldast primært høgare konsulentonorar og lønskostnader.


Graf driftskostnader i mill. kr kvartalsvis:



Driftskostnadene utgjør 0,76 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital mot 0,73 % for same 3. kvartal året før.


Kostnadsprosenten, inkludert resultatet frå finansielle instrument, er på 35,6 mot 40,7 for 3. kvartal 2022.

Graf kostnadsprosent inkludert resultat frå finansielle instrument kvartalsvis:



Ettersom resultat frå finansielle instrument varierer ein del over tid, gir kostnadsprosenten, eksklusiv resultatet frå finansielle instrument, eit betre uttrykk for utviklinga i kostnadseffektiviteten. Kostnadsprosenten viser fin utvikling og er på 33,1, mot 38,4 for same kvartal i fjor.


Graf kostnadsprosent eksklusiv resultat finansielle instrument kvartalsvis:



Nedskrivningar 3. kvartal isolert

Tap på utlån og garantiar er på 30 mill. kr, mot 2 mill. kr for same kvartal i fjor. Auken skuldast primært høgare modellbaserte tapsavsetningar. Avsetning til forventta tap er auka både til personmarknaden og bedriftsmarknaden det siste kvartalet.

Graf resultatført nedskrivning i mill. kr kvartalsvis:



Netto renteinntekter hittil i år

Netto renteinntekter er på 1.085 mill. kr og har auka med 270 mill. kr eller 33 % frå same periode i fjor. Kundemarginen er høgare enn for same periode i

fjor og det er god vekst i utlån og innskot frå kundar. Samtidig er fundingkostnadene vesentleg auka pga. oppgang i 3 mnd. Nibor. Totalt sett er det ein sterk utvikling i netto renteinntekter, men frå eit relativt lågt nivå pr. 3. kvartal i fjor.

Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er på 2,01 % mot 1,61 % for same periode i fjor.

Netto andre driftsinntekter hittil i år

Netto andre driftsinntekter er på 172 mill. kr, mot 120 mill. kr for same periode i fjor.

Endringa i netto andre driftsinntekter skuldast eit godt resultat frå finansielle instrument med 45 mill. kr mot tilnærma 0 mill. kr for same periode i fjor. Av resultatet pr. 3. kvartal i år kjem 39 mill. kr frå langsiktige aksjeplasseringar, mot 44 mill. kr for same periode i fjor. Pr. 3. kvartal i år er det eit negativt resultat på 2 mill. kr relatert til andre finansielle instrument (rentepostar), mot eit negativt resultat for same periode i fjor på 55 mill. kr. For nærare forklaring sjå note 3.

Netto provisjonsinntekter og andre inntekter (ekskl. resultat frå finansielle instrument) er på 127 mill. kr og har auka med 7 mill. kr samanlikna med tala pr. 3. kvartal i fjor. Det er fin vekst i inntekter frå betalingsformidling, fondssparing, garantiprovisjon og forsikring.

Driftskostnader hittil i år

Driftskostnadene er på 396 mill. kr og har auka med 25 mill. kr, eller 6,7 %, i forhold til same periode i fjor.

Veksten i kostnadene er påverka av spesielle postar. I fjor vart det innført ei EK-bevisordning for tilsette. Det er kostnader knytt til ordninga i år også, men omfanget er mindre. Vidare er det i år bokført ein vinst ved realisasjon av ein eigedom. Justert for desse to postane er det ein underliggende kostnadsvekst på 8,4 %.

Auken i kostnader skuldast honorar til eksterne konsulentar, fleire tilsette og lønsvekst. Samtidig er det ein reduksjon i IT-kostnader/-avskrivningar.

Driftskostnadene utgjer 0,73 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital og er på same nivå som pr. 3. kvartal i fjor og totalt for 2022.

Inkludert resultatet frå finansielle instrument er kostnadsprosenten 31,5, mot 39,6 pr. 3. kvartal i fjor.

Eksklusiv resultatet frå finansielle instrument, er kostnadsprosenten 32,6 mot 39,6 for same periode i fjor.

Nedskriving på utlån og garantiar hittil i år

Pga. tilbakeføring av tap på utlån tidlegare i år er tapa hittil i år relativt låge med 14 mill. kr, mot 6 mill. kr for same periode i fjor. Forventa tap til personmarknaden har auka hittil i år, medan tap til bedriftsmarknaden er redusert.

Samla balanseførte nedskrivingar på utlån, garantiar og unytta kredittar pr. 30.09.23 er på 337 mill. kr, mot 334 mill. kr pr. 31.12.22. Av nedskrivingane pr. 30.09.23, er 314 mill. kr relaterte til utlån. Dette utgjør 0,49 % av brutto utlån, mot 314 mill. kr og 0,51 % pr. 31.12.22. For nærmare forklaring sjå note 5 og 6.


Balansen

Konsernet har ein forvaltningskapital på 73,5 mrd. kr pr. 30.09.23. Forvaltningskapitalen har auka med 3,0 mrd. kr, eller 4,3 %, dei siste 12 månadene. Auken i forvaltningskapitalen skuldast primært god vekst i utlån til kundar og auka likviditetsreserve i form av obligasjonar og innskot i andre bankar.

Utlån til kundar

Brutto utlån til kundar er på 63,5 mrd. kr. Veksten det siste året er på 3,0 mrd. kr, eller 5,0 %.

Graf brutto utlån i mrd. kr totalt og fordelt på sektorar:




Dei siste 12 månadene har utlån til både privatmarknaden (PM) og utlån til bedriftsmarknaden (BM) (inkl. utlån til offentlig og finansiell sektor) auka med 5,0 %.

Hittil i år er det ein vekst i utlån til PM med 4,4 % og for BM er utlånane tilnærma uendra.

Innskot

Innskot frå kundar er på 36,4 mrd. kr. Veksten dei siste 12 månadene er på 1,7 mrd. kr, eller 4,9 %.

Graf innskot i mrd. kr totalt og fordelt på sektorar:



Dei siste 12 månadene har innskot frå privatmarknaden auka med 3,2 % og innskot frå bedriftsmarknaden (inkl. offentlig og finansiell sektor) med 7,4 %.

Innskotsdekninga for konsernet er på 57,3 % og er på same nivå som pr. 30.09.22.

Kredittrisiko

Brutto lån og garantiar mv. i betalingsmisleghald, over 90 dagar, er på 143 mill. kr, og har auka med 8 mill. kr i forhold til tala pr. 30.09.22.

Kredittrisikoen på privatmarknaden er framleis vurdert som låg, men stigande. Omfanget av avdragsfritak og forlenga løpetid på lån har auka samanlikna med tidlegare år. Høgare renter og høg generell prisvekst syner att i kundane sin likviditet og sparing. Dette aukar sannsynet for at fleire kundar kan få betalingsproblem, dersom dei ikkje evnar å tilpasse eige forbruk til eit høgare kostnadsnivå. Det er likevel vår vurdering at dei fleste kundane klarar å handtere auka kostnader.

Høgare renter og kraftig prisvekst har også negativ innverknad på næringslivet. Førebels er aktiviteten i næringslivet god, men banken ventar ein reduksjon i aktiviteten og i investeringane, og enkelte bransjar merkar allereie fall i etterspurnaden. Banken følgjer næringslivet i Sogn og Fjordane tett, og det er vår vurdering at bedriftene i regionen samla sett er godt rusta til å møte eit meir usikkert makrobilde. Kredittrisikoen på bedriftsmarknaden vert derfor vurdert som moderat.

Andelen utlån til bedriftsmarknaden av samla utlån utgjør 23,9% pr. 30.09.23 og er på same nivå som pr. 30.09.22.

Behovet for ansvarleg kapital knytt til kredittrisiko er på 2.580 mill. kr og har auka med 104 mill. kr frå 30.09.22.

Likviditet og finansiering

Banken har fokus på innskotsdekning, likviditetsreserve og forfallsstruktur på funding i styringa av likviditeten. Likviditetsreserven er på 8,6 mrd. kr pr. 30.09.23. Likviditetsreserven er plassert i kortsiktige innskot i Norges Bank, i andre bankar og i fritt omsettelege obligasjonar/sertifikat. Likviditetsindikatoren (LCR) er på eit tilfredsstillande nivå med 158 %, mot 135 % eitt år tidlegare.

Banken nyttar bustadlån til å legge ut obligasjonar med førerrett (OMF) gjennom det heileigde dotterselskapet Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS.

Bustadkredittselskapet har pr. 30.09.23 OMF-innlån pålydande 20,9 mrd. kr ute i marknaden. Bustadkredittselskapet har ein samla sikringsmasse på 24,6 mrd. kr. Det er pr. 30.09.23 ei overdekning av sikringsmasse i selskapet på 3,7 mrd. kr.

Dotterselskap

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS

Bustadkreditt Sogn og Fjordane AS er 100 % eigd av banken. Selskapet har pr. 30.09.23 samla utlån på 25,3 mrd. kr. Utlåna er redusert med 2,8 % dei siste 12 månadene. Eigenkapitalen i selskapet er på 2,3 mrd. kr. Selskapet har eit resultat før skatt på 131 mill. kr, mot 140 mill. kr pr. 3. kvartal 2022. Resultatnedgangen skuldast primært auka avsetning til forventa tap på utlån.

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS

Bankeigedom Sogn og Fjordane AS er eit 100 % eigd dotterselskap, og eig bankbygga i konsernet. Resultatet før skatt er på 4,8 mill. kr pr. 3. kvartal 2023, mot 13,1 mill. kr for same periode i fjor. Resultatnedgangen skuldast vinst ved realisasjon av ein eigedom i fjor.

Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS

Eigedomsmekling Sogn og Fjordane AS er 100 % eigd av banken. Driftsinntektene er på 23,9 mill. kr og er 1,0 mill. kr høgare enn for same periode i fjor. Eigedomsmekling har levert tenester til banken med verdvurdering av eigedomar, for 1,8 mill. kr hittil i år, mot 0,4 mill. kr for same periode i fjor. Dette forklarar heile auken i inntektene. Resultatet før skatt er på 1,9 mill. kr pr. 3. kvartal 2023, mot eit negativt resultat på 0,6 mill. kr for same periode i fjor.

Soliditet og avkastning


Eigenkapitalen til konsernet pr. 30.09.23 er på 7,1 mrd. kr og har auka med 642 mill. kr, eller 9,9 %, samanlikna med tala pr. 30.09.22. Auken kjem frå resultatet, for det siste året, med frådrag av utbytte og gåver.

Konsernet har ei kapitaldekning pr. 30.09.23 på 20,3 %, mot 19,6 % pr. 30.09.22. Rein kjernekapitaldekning er på 16,9 %, mot 16,8 % pr. 30.09.22.

Inkludert resultatet pr. 30.09.23, og etter forholdsmessig frådrag av forventa utdeling av gåver og utbytte, er rein kapitaldekning estimert til 17,9 % pr. 30.09.23.

Resultatet etter skatt for pr. 3. kvartal 2023 er på 646 mill. kr, mot 433 mill. kr pr. 3. kvartal i fjor. Dette gir ei eigenkapitalavkastning på 13,7 %, mot 9,8 % for same periode i fjor. Sparebanken Sogn og Fjordane har over tid hatt ein tilfredsstillande eigenkapitalavkastning. Styret er godt nøgd med resultatet og avkastninga.

Graf resultat etter skatt i mill. kr og eigenkapitalavkastning i prosent pr. år og hittil i år mot hittil i fjor:



Rating

Sparebanken Sogn og Fjordane har pr. 30.09.23 langsiktig rating A1 frå Moody's. OMF-programmet til Bustadkreditt Sogn og Fjordane har langsiktig rating Aaa. I juni 2023 fekk Bustadkreditt Sogn og Fjordane tildelt issuer rating A1.

Banksamarbeid

Sparebanken Sogn og Fjordane kunngjorde i april 2023 at det er inngått avtale om eit strategisk banksamarbeid med SpareBank 1-alliansen.

Samarbeidet medfører at Sparebanken Sogn og Fjordane kjøper seg inn i Sparebank 1-alliansen gjennom Samspar. Sparebanken Sogn og Fjordane skal investere 630 mill. kr, for å bli medeigar i SpareBank 1-alliansen. Investeringa vil på sikt gi styrka inntektsgrunnlag gjennom betre og breiare produkt- og tenestetilbod, samt reduserte kostnader for banken. Samarbeidet medfører at banken har intensjon om å selje aksjepostar i produkselskap, som vi eig i dag, og samtidig kjøpe aksjar og andelar i produkselskap i Sparebank 1-alliansen.

Sparebanken Sogn og Fjordane trer etter planen inn i Sparebank 1-alliansen i løpet av 2024. Prosjektet med migrasjon og tilpassing til SpareBank 1-alliansen vart starta opp i slutten av august 2023. Det er ikkje avklart når teknisk konvertering vil vere gjennomført.

Det vil påløpe ein del kostnader primært knytt til IT-system og bruk av eksterne konsulentar framover, men det er så langt uvisst kor mykje det vil bli, ettersom tidslinja og detaljar for prosjektet ikkje er endeleg avklart. Pr. 30.09.23 er det påløpt 3,3 mill. kr i eksterne prosjektkostnader. Det er ikkje gjort avsetningar for framtidige prosjektkostnader.

Banken har stor tru på at samarbeidet vil vere positivt for kundar, eigarar, tilsette og regionen Sogn og Fjordane.

Oppsummering og utsikter framover

Resultatet etter skatt for 3. kvartal 2023 er på 166 mill. kr, mot 143 mill. kr for 3. kvartal i fjor. Resultatframgangen skuldast fin utvikling i netto renteinntekter og vekst i provisjonsinntektene. Samtidig er det høgare avsetning til forventa tap, negativt resultat frå finansielle instrument og høgare driftskostnader i 3. kvartal i år samanlikna med 3. kvartal i fjor.

Førde, 25.10.2023

Lise Mari Haugen
styreleiar

Magny Øvrebø
nestleiar

Monica Rydland

Johnny Haugsbakk

Geir Opseth

Kristian Skibenes

Camilla C. Holvik

Ole Martin Eide

Trond Teigene
adm. direktør

Eigenkapitalavkastninga for kvartalet er på 10,2 %, mot 9,6 % for 3. kvartal 2022.

Samla utlånsvekst, dei siste 12 månadene, er på 5,0 % og innskota har auka med 4,9 %. Veksten er noko lågare enn den har vore tidlegare, men det er framleis god vekst spesielt frå personmarknaden.

Hittil i år er det eit svært godt resultat med 646 mill. kr mot 433 mill. kr for same periode i fjor. Eigenkapitalavkastninga hittil i år på 13,7 %, mot 9,8 % pr. 30.09.22. Det gode resultatet er først og fremst drive av sterk utvikling i netto renteinntekter. Sum driftsinntekter har hittil i år auka med 34 % og driftskostnadene med 6,7 %. Kostnadsprosenten pr. 30.09.23, viser fin utvikling og er på er på 32,6 mot 39,6 for 3. kvartal 2022.

Kapitaldekninga pr. 30.09.23 er på 20,3 % og rein kjernekapitaldekning er på 16,9 %.

Banken har god kapitaldekning, ei kostnads-effektiv drift og ein solid marknadsposisjon i Sogn og Fjordane. Det er også god vekst i privatmarknaden utanfor Sogn og Fjordane.

Utsiktene har blitt meir usikre det siste året pga. sterk renteoppgang og høg generell prisstigning. Kundane til banken har eit bra utgangspunkt for å takle auka renter og høgare prisar. Det er låg arbeidsløyse og nivået på misleghaldne lån er relativt lågt. Vi er budde på at enkelte kundar kan få utfordringar, som følgje av høgare kostnadsnivå, og det er tatt høgde for dette i tapsavsetningane på utlån og garantiar.

Styret er godt nøgd med banken si resultatutvikling, og meiner at konsernet har eit godt grunnlag for vidare vekst og utvikling.

Sparebanken Sogn og Fjordane har inngått avtale om eit banksamarbeid med Sparebank 1-alliansen. Dette er ei viktig strategisk satsing for banken, som vil styrke inntektsgrunnlaget og sikre god lønsemåling også framover. Styret ser fram imot eit godt og langsiktig samarbeid med Sparebank 1-alliansen.

Resultatrekneskap konsern

TAL I MILL. KRONER	Note	3. kvartal 2023	3. kvartal 2022	01.01. – 30.09.23	01.01. – 30.09.22	2022
Renteinntekter		1 010	556	2 701	1 439	2 176
Rentekostnader		631	265	1 615	623	1 029
Netto renteinntekter		379	291	1 085	816	1 148
Provisjonsinntekter		46	44	127	118	166
Provisjonskostnader		10	9	24	23	31
Netto vinst på finansielle instrument		- 29	- 18	45	0	0
Andre inntekter		8	8	24	25	31
Netto andre driftsinntekter	3	15	25	172	120	167
Sum inntekter		395	315	1 257	936	1 314
Lønn og andre personalkostnader		79	72	215	201	276
Andre kostnader		55	50	165	146	199
Av- og nedskrivning, verdiendring og vinst/tap på ikkje-finansielle egedelar		7	7	15	23	24
Sum driftskostnader		141	128	396	371	499
Resultat før nedskrivning på utlån og garantiar		254	187	862	565	815
Nedskrivning på utlån og garantiar	4	30	2	14	6	36
Resultat før skatt		225	185	848	559	779
Skattekostnad		58	42	202	126	177
Resultat for perioden		166	143	646	433	602
UTVIDA RESULTATREKNESKAP						
Resultat for perioden		166	143	646	433	602
Andre innrekna inntekter og kostnader						
Andre resultatelement som ikkje kan bli reklassifisert til resultat, etter skatt						
Estimatavvik pensjon		0	0	0	0	0
Sum andre innrekna inntekter og kostnader for perioden, etter skatt		0	0	0	0	0
Totalresultat		166	143	646	433	602
Totalresultat pr. eigenkapitalbevis (vekta) i heile kr		7,42	6,42	28,81	19,41	26,98

Balanse konsern

TAL I MILL. KRONER

EIGEDELAR	Note	30.09.23	30.09.22	31.12.22
Kontantar og kontantekvivalentar		20	19	19
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar/sentralbankar	13	542	206	714
Utlån til kundar	4-7, 13	63 168	60 192	61 184
Sertifikat og obligasjonar til verkeleg verdi		8 016	7 602	7 467
Finansielle derivat		494	394	375
Aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning		728	733	758
Investering i tilknytt selskap		0	3	3
Immaterielle egedelar og goodwill		11	17	16
Varige driftsmidlar		102	80	88
Utsett skattefordel		21	13	20
Andre egedelar		382	1 227	180
Sum egedelar		73 485	70 486	70 824
GJELD OG EIGENKAPITAL				
Gjeld til kredittinstitusjonar	13	503	504	504
Innskot frå og gjeld til kundar	8, 13	36 359	34 675	34 846
Verdipapirgjeld	9, 13	27 291	27 066	27 169
Finansielle derivat		1 009	676	612
Betalbar skatt		202	128	187
Anna gjeld og avsetningar		295	354	258
Ansvarleg lånekapital		705	603	603
Sum gjeld		66 363	64 006	64 179
Eigarandelskapital	12	4 649	4 413	4 650
Grunnfondskapital		700	645	700
Annan eigenkapital		1 323	1 072	696
Hybridkapital		450	350	350
Foreslått avsett til utbytte og gåver		0	0	248
Sum eigenkapital		7 122	6 480	6 645
Sum gjeld og eigenkapital		73 485	70 486	70 824

Førde, 25.10.2023

Lise Mari Haugen
styreleiar

Magny Øvrebø
nestleiar

Monica Rydland

Johnny Haugsbakk

Geir Opseth

Kristian Skibenes

Camilla C. Holvik

Ole Martin Eide

Trond Teigene
adm. direktør

Kontantstrømoppstilling konsern

	30.09.23	30.09.22	31.12.22
Resultat før skatt	848	559	779
Auke/(reduksjon) i innskot frå kundar	1 517	2 137	2 309
Reduksjon/(auke) i utlån til kundar	- 2 050	- 3 055	- 4 038
Av- og nedskrivning	15	23	24
Nedskrivning på utlån og garantiar	14	6	36
Tap/(vinst) avgang varige driftsmidlar	- 4	- 8	- 9
Betalt skatt	- 187	- 171	- 172
Andre ikkje kontanttransaksjonar	- 281	- 76	- 120
Justering for andre postar	90	- 791	111
A) Netto likviditetsendring frå operasjonelle driftsaktivitetar	- 38	- 1 377	- 1 079
Reduksjon/(auke) i aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning	32	32	7
Reduksjon/(auke) i plassering i sertifikat og obligasjonar	- 537	- 1 055	- 894
Investering i varige driftsmidlar, immaterielle eigedelar og goodwill	- 31	- 15	- 28
Sal av varige driftsmidlar	5	12	17
B) Netto likviditetsendring frå investeringsaktivitetar	- 531	- 1 026	- 898
Auke/(reduksjon) i lån frå kredittinstitusjonar	- 1	4	4
Auke/(reduksjon) i verdipapirgjeld	439	2 066	2 147
Auke/(reduksjon) i ansvarleg lånekapital	102	1	2
Auke/(reduksjon) i eigarandelskapital	- 1	- 3	- 3
Auke i hybridkapital	100	0	0
Utbytte og gåveutbetalingar	- 239	- 179	- 179
C) Netto likviditetsendring i finansieringsaktivitetar	398	1 889	1 970
D) Netto endring likvidar i året (A+B+C)	- 171	- 514	- 6
Likviditetsbeholdning inngåande beholdning	733	739	739
Likviditetsbeholdning utgåande beholdning	562	225	733
Spesifikasjon av likviditetsbeholdning			
Kontantar og kontantekvivalentar	20	19	19
Innskot i andre finansinstitusjonar og sentralbankar	542	206	714
Sum	562	225	733

Eigenkapitaloppstilling konsern

EIGARANDELSKAPITAL

	Eigen- kapital- bevis	Ut- javn- ings- fond	Eigne eigen- kapital- bevis	Over- kurs	Grunn- fonds- kapital	Hybrid- kapital	Fond for ureali- sert vinst	Annan eigen- kapital	Avsett utbytte og gåver	Sum
Balanse 31.12.21	1 948	2 452	0	16	645	350	454	196	187	6 249
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	0	- 187	- 187
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Renter hybridkapital- investorar	0	0	0	0	0	- 11	0	0	0	- 11
Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis	0	0	- 3	0	0	0	0	0	0	- 3
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	0	0	0	0	11	0	422	0	433
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 30.09.22	1 948	2 452	- 3	16	645	350	454	618	0	6 480
Balanse 31.12.21	1 948	2 452	0	16	645	350	454	196	187	6 249
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	0	- 187	- 187
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Renter hybridkapital- investorar	0	0	0	0	0	- 16	0	0	0	- 16
Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis	0	0	- 3	0	0	0	0	0	0	- 3
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	237	0	0	55	16	115	- 69	248	602
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 31.12.22	1 948	2 689	- 3	16	700	350	569	127	248	6 645
Balanse 31.12.22	1 948	2 689	- 3	16	700	350	569	127	248	6 645
Vedteken utdeling av utbytte og gåver	0	0	0	0	0	0	0	0	- 248	- 248
Endring hybridkapital	0	0	0	0	0	100	0	0	0	100
Renter hybridkapital- investorar	0	0	0	0	0	- 19	0	0	0	- 19
Kjøp og sal av egne eigenkapitalbevis	0	0	- 1	0	0	0	0	0	0	- 1
Resultat for perioden med foreslått disponering	0	0	0	0	0	19	0	626	0	646
Andre innrekna inntekter og kostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Balanse 30.09.23	1 948	2 690	- 4	16	700	450	569	753	0	7 122

Eigenkapitaloppstilling konsern, framhald

Forklaringa av dei ulike eigenkapitalsfonda:

Eigarandelskapital:

Eigarandelskapital omfattar kapital som etter vedtektene er knytt til eigenkapitalbevis. Eigarandelskapitalen sin del av resultatet etter skatt, etter frådrag av utbytte og forholdmessig del av renter til hybridkapitalinvestorar blir tilført utjamningsfondet i forhold til eigarbrøken. Utjamningsfondet kan nyttast til å oppretthalde utbytte til eigarandelbeviseigarane, når det er forsvarleg å dele ut utifrå eigenkapitalsituasjonen.

Grunnfondskapital:

Grunnfondskapital omfattar kapital som ikkje er eigarandelskapital. Grunnfondskapitalen sin del av resultatet etter skatt, etter frådrag av avsetning til gåver og forholdsmessig del av renter til hybridkapitalinvestorar, blir tilført grunnfondskapitalen.

Hybridkapital:

Hybridkapital omfattar fondsobligasjon som tilfredstiller krava til å bli definert som eigenkapital og kjernekapital, i forhold til kapitaldekningsreglane. Renter for hybridkapitalen blir fordelt på utjamningsfondet og grunnfondskapitalen etter eigarbrøken og i praksis disponert saman med resultatet.

Fond for urealisert vinst:

Fond for urealisert vinst elles betår av urealisert vinst frå finansielle instrument, der det er ulik verdivurdering mellom IFRS og norske rekneskapsreglar. Mellom anna er urealisert vinst frå aksjar inkludert her.

Annan eigenkapital:

Annan eigenkapital består av opptent overskot frå ulike dotterselskap og udisponert resultat.

Utbytte og gåver:

Forslag til utbytte og gåver står som ein del av eigenkapitalen inntil dei er vedtekne av Generalforsamlinga.

Notar til rekneskapen

Note 1 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

GRUNNLAG FOR PRESENTASJON

Morbank- og konsernrekneskapen for Sparebanken Sogn og Fjordane er utarbeidd i samsvar med internasjonale rekneskapsstandardar (IFRS). Delårsrekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34 «Delårsrapportering». Alle tal er oppgitt i mill. kr, dersom ikkje anna er oppgitt.

GENERELT

For meir informasjon om rekneskapsprinsipp og informasjon om rekneskapsestimat viser vi til årsrapporten for 2022, for Sparebanken Sogn og Fjordane på banken sine nettsider: www.ssf.no.

ENDRINGAR I REKNEKAPSSTANDARDAR

Det er ikkje endringar i rekneskapsstandardar eller tolkingar i 3. kvartal 2023, som har fått effekt for rekneskapen til Sparebanken Sogn og Fjordane.

Note 2 Segmentrapportering

Geografiske segment

Alle segment opererer i Norge.

Allmenn informasjon om segment

Segmenta er gruppert slik som føretaket er organisert.

Finans

- Har ansvar for finansiering og likviditetsstyring

Bedriftsmarknad/offentleg/finans

- Tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester, som ulike typar finansiering, innskot, plasseringar, forsikring, valuta og renteprodukt til små og mellomstore bedrifter, offentleg sektor og finansiell sektor

Privatmarknad inkl. Bustadkreditt

- Tilbyr eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester, som ulike typar finansiering, innskot, plasseringar, forsikring, valuta og renteprodukt til privatkundar

Andre

- Består av leveransar av tenester til m.a. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og forvaltning av enkelte eigedomar

Eigedomsmekling

- Tilbyr meklingstenester ved kjøp og sal av eigedomar

Bankeigedom

- Forvaltar dei største eigedomane til konsernet

Note 2 Segmentrapportering, framhald

	Sum	Finans	Bedrifts- marknad/ Off./Fin.	Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt	Andre	Eige- doms- mekling	Bank- eige- dom	Elimi- nerte postar
RESULTAT 30.09.23								
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	1 085	3	445	637	- 1	0	0	0
Netto andre driftsinntekter	172	30	49	75	3	24	6	- 16
Sum driftsinntekter	1 257	34	495	712	2	24	6	- 16
Driftskostnader	396	12	125	245	7	22	1	- 16
Resultat før nedskrivning på utlån	862	22	370	468	- 4	2	5	0
Netto vinst på varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivning på utlån og garantiar	14	0	- 11	25	0	0	0	0
Resultat før skatt	848	22	381	442	- 4	2	5	0
BALANSE 30.09.23								
Netto utlån til og krav på kundar	63 168	0	14 689	48 479	0	0	0	0
Andre egedelar	10 317	9 321	3 206	3 802	0	23	45	- 6 079
Sum egedelar	73 485	9 321	17 894	52 281	0	23	45	- 6 079
Innskot frå og gjeld til kundar	36 359	0	14 833	21 553	0	0	0	- 27
Anna gjeld	30 004	6 549	270	27 006	0	8	7	- 3 836
Eigenkapital (inkl. resultat for perioden)	7 122	2 772	2 792	3 721	0	15	38	- 2 216
Sum gjeld og eigenkapital	73 485	9 321	17 894	52 281	0	23	45	- 6 079

	Sum	Finans	Bedrifts- marknad/ Off./Fin.	Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt	Andre	Eige- doms- mekling	Bank- eige- dom	Elimi- nerte postar
RESULTAT 30.09.22								
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	816	5	335	476	0	0	0	0
Netto andre driftsinntekter	120	- 12	42	71	4	23	6	- 14
Sum driftsinntekter	936	- 7	377	546	3	23	6	- 13
Driftskostnader	371	12	113	224	9	24	- 7	- 5
Resultat før nedskrivning på utlån	565	- 20	264	322	- 6	- 1	13	- 8
Netto vinst på varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivning på utlån og garantiar	6	0	4	2	0	0	0	0
Resultat før skatt	559	- 20	260	320	- 6	- 1	13	- 8
BALANSE 30.09.22								
Netto utlån til og krav på kundar	60 192	0	13 980	46 212	0	0	0	0
Andre egedelar	10 294	10 785	2 451	3 708	0	22	52	- 6 724
Sum egedelar	70 486	10 785	16 431	49 920	0	22	52	- 6 724
Innskot frå og gjeld til kundar	34 675	0	13 802	20 894	0	0	0	- 21
Anna gjeld	29 331	8 236	227	25 740	0	7	8	- 4 887
Eigenkapital (inkl. resultat for perioden)	6 480	2 549	2 402	3 286	0	15	44	- 1 816
Sum gjeld og eigenkapital	70 486	10 785	16 431	49 920	0	22	52	- 6 724

Note 2 Segmentrapportering, framhald

	Sum konsern	Finans	Bedrifts- marknad/ Off./Fin.	Privat- marknad inkl. Bustad- kreditt	Andre	Eige- doms- mekling	Bank- eige- dom	Elimi- nerte postar
RESULTAT 31.12.22								
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	1 148	8	477	662	- 1	0	0	0
Netto andre driftsinntekter	167	- 15	58	100	4	30	8	- 19
Sum driftsinntekter	1 314	- 6	535	762	4	30	8	- 19
Driftskostnader	499	16	152	308	11	33	- 6	- 15
Resultat før nedskrivning på utlån	815	- 23	383	455	- 8	- 3	15	- 3
Netto vinst på varige driftsmidler	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivning på utlån og garantiar	36	0	19	17	0	0	0	0
Resultat før skatt	779	- 23	364	438	- 8	- 3	15	- 3
BALANSE 31.12.22								
Netto utlån til og krav på kundar	61 184	0	14 703	46 486	0	0	0	0
Andre egedelar	9 640	10 388	2 106	4 203	0	20	54	- 7 132
Sum egedelar	70 824	10 388	16 809	50 689	0	21	54	- 7 132
Innskot frå og gjeld til kundar	34 846	0	14 110	20 760	0	0	0	- 23
Anna gjeld	29 332	7 829	219	26 167	0	10	8	- 4 897
Eigenkapital (inkl. resultat for perioden)	6 645	2 559	2 480	3 763	0	11	45	- 2 212
Sum gjeld og eigenkapital	70 824	10 388	16 809	50 689	0	21	54	- 7 132

Note 3 Andre driftsinntekter

NETTO PROVISJONSINNTEKTER	30.09.23	30.09.22	31.12.22
Betalingsformidling	62	58	78
Verdipapiromsetnad	22	20	27
Garantiprovisjon	12	10	13
Valutaforretningar og utanlandsbetaling	4	4	5
Forsikringstenester	14	13	24
Andre provisjonsinntekter	13	14	18
Sum gebyr og provisjonsinntekter	127	118	166
Interbankprovisjon	1	1	1
Betalingsformidling	20	18	25
Cash back Visa kreditt	4	4	5
Sum provisjonskostnader	24	23	31
Netto provisjonsinntekter	103	96	135
NETTO VINST/TAP PÅ FINANSIELLE INSTRUMENT			
Netto vinst på valuta	8	11	14
Netto vinst på finansielle derivat	- 280	- 239	- 174
Netto vinst på utlån til verkeleg verdi	- 52	- 201	- 162
Netto vinst på innskot til verkeleg verdi	4	- 2	- 2
Netto vinst på sertifikat og obligasjonar	8	- 71	- 48
Netto vinst på aksjar	39	43	55
Netto vinst på finansiell gjeld	317	459	317
Netto vinst på finansielle instrument til verkeleg verdi	45	0	0
ANDRE INNTEKTER			
Eigedomsinntekter	1	1	1
Eigedomsmekling	22	23	29
Andre driftsinntekter	1	1	1
Sum andre inntekter	24	25	31
SUM NETTO ANDRE DRIFTSINNTEKTER	172	120	167

Note 4 Resultatførte tap på utlån, garantiar og unytta trekkrettar

	3. kv. 2023 isolert	3. kv. 2022 isolert	Hittil i 2023	Hittil i 2022	2022
Auke (+)/reduksjon (-) i individuell nedskriving	0	- 59	8	- 85	- 83
Auke (+)/reduksjon (-) i modellbasert forventa tap	24	47	- 1	76	104
Konstaterte tap i perioden dekt av tidlegare nedskriving	5	14	8	16	18
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare individuelle nedskrivingar	1	0	1	2	4
Inngang på tidlegare års konstaterte tap	- 1	- 1	- 2	- 3	- 7
Resultat av nedskriving for perioden	30	2	14	6	36

Note 5 Nedskrivning på utlån og eksponeringar

